



## SAKSPAPIR

SAKSGANG			
R.f.	Styre, råd, utval m.v.	Møtedato	Saksnr
FS	Formannskapet	02.07.2014	049/14
KS	Kommunestyret	17.09.2014	053/14

Arkiv: K1-140

Arkivsaknr: 12/2506-8

### UTTALE: REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND

Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen

#### Kort om saka:

Hordaland Fylkeskommune har lagt ut til høyring «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» - senterstruktur, tenester og handel. Høyringsfristen er sett til 22. august. For Øygarden kommune gjeld dette utviklinga av Straume i Fjell som regionalt senter.

#### Dokument vedlagt saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.06.2014	2014-05-27- REGIONAL PLAN FOR ATTRAKTIVE SENTER I HORDALAND -HØYRINGSFORSLAG.PDF	136669

#### Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

- Kommunelova
- Plan- og bygningslova
- Offentlegheitslova

#### Saksopplysningar:

##### Høyringsbrev dat 27. mai 2014:

Hordaland fylkeskommune har med heimel i plan- og bygningslova §§ 8-1, 8-3 og 8-5 vedteke å senda forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* på høyring.

##### Innhald

Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal leggja til rette for vekst i heile fylket.

Planen er inndelt i fem plantema som er:

- Hovudmål, strategiar og senterstruktur
- Attraktive sentrumsområde
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport

Kvart plantema inneheld mål, planskildring, retningslinjer og handlingsprogram. Plantema handel og kjøpesenter inneheld føresegnar som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemd. I samsvar med pbl § 4-2 er det utarbeidd konsekvensutgreiing.

#### Informasjon

Planen er utlagt hos Hordaland fylkeskommune, Info- og servicesenter, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen, og ved kundesentera i kommunane. Planen og informasjon om planarbeidet og høyringa er på:

[www.hordaland.no/regionalplan-senterstruktur/hoyring](http://www.hordaland.no/regionalplan-senterstruktur/hoyring).

Kontakt: Per Nordmark [per.nordmark@hfk.no](mailto:per.nordmark@hfk.no) (tel. 55239323) eller Marit Rødseth [marit.rodseth@hfk.no](mailto:marit.rodseth@hfk.no).

Torsdag **5. juni 2014 kl 12.00 – 14.30** inviterer fylkeskommunen interesserte til ope møte med presentasjon av planen i Fylkeshuset, møterom Vestlandet. Påmelding innan 4. juni.

#### Høyring

Innspel til alle delar av planen er velkomne, særleg til tiltak som gjeld gjennomføring av handlingsprogrammet. Innspel skal merkast med 2014/14561 og sendast til: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) eller Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen, eller v/elektronisk høyringsskjema på nettsida.

Høyringsfristen er 22. august 2014.

#### Planen sin oppbygging

Planen er delt inn i fem hovudkapitel/tema som referert i høyringsbrevet. Hovudmålet med planen er:

##### **Hovudmål i planen:**

**Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.**

- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i.
- Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.

Den politiske styringsgruppa var breitt samansett med representantar frå fylkestinget, ulike regionråd representert ved ordførarar og byråd (Bergen). Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen har vore leiar. Ei arbeidsgruppe samansett med representantar frå fylkeskommunen, Ungdommens fylkesråd, Næringsalliansen i Hordland, kommune med regionsenter (rådmann Steinar Nesse i Fjell kommune), Bergen kommune. Plansesjonen i fylkeskommunen har vore sekretariat for planarbeidet og hatt ansvaret for konsekvensutgreiinga.

Strategiar skisserer korleis ein vil arbeida for å oppnå måla, kva verkemiddel som skal takast i bruk og kva for arbeidsmetodar som er mest relevante:

I Regional plan for attraktive senter er følgjande strategiar prioritert:

#### a. Styrka arealplanlegging i sentrumsområde

Betre samspel mellom regional plan og kommunal plan i sentrumsområde er hovudstrategi. Gjennom arealpolitiske retningslinjer og føresegner vil ein felles omforeint arealpolitikk for heile fylket leggast til grunn for kommunal arealplanlegging, både kommuneplan og reguleringsplan. For senterområde vil det vere avgjerande med oppdaterte områdeplanar. Tiltak i handlingsprogrammet kan styrke arbeidet med reguleringsplanar i sentrum.

#### b. Betre samordning og felles retningslinjer for samfunnsplanlegging og offentleg forvaltning

Samfunnet er i stor grad sektorisert og ressursbruken kan vere lite koordinert. Gjennom å styrke samordning av ulike ressursar inn mot senterutvikling vil ein både oppnå større effekt av ressursane, men også betre synergjar mellom ulike tiltak. Både samordning mellom privat og offentleg sektor og mellom ulike sektorar er relevant. Statlege organ som sjukehus og høgare utdanning kan sjåast i samanheng med fylkeskommunale tenester som vidaregåande skule og tannhelse, og på den måten byggje opp under kvarandre.

Verknaden av planen er avhengig av oppfølging i fleire sektororgan. Oppfølginga gjeld organisering og lokalisering, men også prioritering av ressursar og merksemd. Ulike sektororgan kan gjennom felles mål på tvers av sektorar skapa grunnlag for synergjar i senterutvikling.

#### c. Auka kunnskap

Utan kunnskap om status, organisering og beslutningsprosessar vil ein ikkje kunne påverke utviklinga i ønskja retning. Ein strategi er å samle kunnskap om viktige faktorar og korleis desse påverkar utviklinga. Like viktig er formidling av kunnskap og informasjonsutveksling.

#### d. Økonomiske verkemiddel

For å setje fart i utvikling av attraktive senter vil økonomiske verkemiddel vere aktuelle. Strategien skal medføre prioritering innanfor eksisterande midlar og større vekt på samfinansiering og spleiselag. Døme på økonomiske verkemiddel er regionale utviklingsmidlar til tettstadutvikling og midlar til utbygging av infrastruktur for kollektivtransport.

I Hordaland legg ein i planen til grunn desse regionsentra:

Senternivå	Namn på regionsenter	Kommune
Regionsenter	Knarvik	Lindås kommune
	Vossevangen	Voss kommune
	Straume	Fjell kommune
	Kleppestø	Askøy kommune
	Osøyro	Os kommune
	Norheimsund	Kvam kommune
	Odda sentrum	Odda kommune
	Leirvik	Stord kommune
	Husnes	Kvinnherad kommune
	Nettet av bydelssenter i Bergen	Bergensområdet

### **Økonomiske konsekvensar:**

Eit forsterka sentrum på Straume kan føra til ytterlegare handelslekkasje frå Øygarden om ein ikkje byggjer opp om / forsterkar utviklinga i dei lokale sentra (Rong og Tjeldstø).

### **Miljøkonsekvensar:**

«Grøn effekt» for samfunnet som følgje av kollektivsatsing og tilrettelegging for parkering av elbilar.

### **Folkehelseperspektiv:**

Etablering av «grønstrukturar» og møteplassar, betre trafikksikring og kortare reiseavstand, kan gje vinstar for folkehelsa.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen syner til høyringsutkastet.

Sjølv om planen vil ha innverknad for alle kommunane i Hordaland, er det først og fremst dei kommunane regionsentra ligg i som vert mest berørt. Øygarden kommunestyre har alt slege fast i kommuneplanen at Straume er «vårt» regionsenter. Samstundes er Rong lokalisert som kommunesenter og Tjeldstø lokalsenter. Ved å «byggja opp» om vårt kommunesenter kan handelslekkasje reduserast.

Det vert synt til punkt 2.3 i planen «Retningsliner for arealplanar i sentrumsområde». I handlingsprogrammet punkt 2.4 er det på tiltakssida føreslege (tiltak 2.5) at «Kommunar kan få økonomisk støtte til sentrumsutvikling. Det skal klarleggjast samfinansiering av prosjekta på kommunalt, regionalt og statleg nivå». Øygarden kommune arbeider for tida med Rong sentrumsplan.

Regionsentra vil bli viktige knutepunkt for felles offentlege tenester i regionen, handels- og kjøpesenter og kommunikasjonspunkt for transport. Ladestasjonar for elbilar og gode kollektive løysingar skal gje ein «grøn effekt».

Det er utarbeida ei konsekvensutgreiing som har som siktemål å avklara kva konsekvensar dei arealretta retningslinene i «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» har for miljø og samfunn. Ein har ikkje peika på direkte negative effektar for desse områda: transportbehov/ transportomfang, kulturminne og kulturmiljø, landskap, jordvern, folkehelse, næringsutvikling og klimatilpassing. Snarare ser ein fleire fordelar og forbetringar.

Konsekvensutgreiinga peikar likevel på ein vesentleg svakheit i føresegnene (kap 4) ved at dei berre fokuserer på etablering av nytt areal i staden for samla volum etter utbygging/utviding (etappevise utvidingar under 3000 kvm). Over tid kan dette gje negative konsekvensar for sentrumsutvikling.

Oppsummert konkluderer rådmannen likevel med at dette er eit gjennomarbeida og oversiktleg plandokument som har eit overordna blick for styrking/etablering av regionsentra i heile fylket. Medverknad og deltaking frå kommunane har vore brei. Planen er utforma på ein lesarvenleg måte. Verkemidlane og strategiar er like for alle. Gjennom mål, planskildring, retningsliner og handlingsprogram er dette godt skildra. Så kan ein stilla spørsmålet om

planen er «kompatibel» med resultatet av den førestående kommunesamanslåingsreforma. Det kan berre tida gje svar på.

#### **INNSTILLING TIL VEDTAK::**

Øygarden formannskap tilrår høyringsutkast «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» slik det ligg føre.

#### **HANDSAMING I FORMANNSKAPET 02.07.2014**

Forslag frå Otto Harkestad:

Saka vert oversendt til kommunestyret.

**Røysting:** Forslaget vart samrøystes vedteke.

#### **FS-049/14 VEDTAK:**

Saka vert oversendt til kommunestyret.

#### **HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 17.09.2014**

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

#### **KS-053/14 VEDTAK:**

Øygarden kommunestyre tilrår høyringsutkast «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» slik det ligg føre.

Rong : 24.06.2014

Siri Fahlvik Pettersen  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*